

Styremøte Hedmark Sau og Geit

Alvdal 21.01.2016

Til stades: Martin, Ola D, Hans, Ulf, Eva Linn

Sak 1: Møte med Ole Nyhus på Vekstra. Gjennomgang av rekneskapen.

Sak 2: Møte med Gjetarhundlaget v/ Jo Agnar Hansen

Informasjon rundt drifta av Gjetarhundlaget. Aktiviteten i laget er låg. Vanskeleg å halde medlemmane i aktivitet. Få som møter på årsmøte og aktivitetar. Laget ønsker å få opp interessa og aktiviteten rundt laget. Det er ønske om fleire felles arrangement med HSG. Det er god kontakt mellom gjetarhundlaga sentralt og ned på fylkesnivå.

Dersom gjetarhundlaget gjev HSG beskjed om aktivitet kan dette publiserast på heimesida.

Sak 3: Årsmøte

Har sendt ut invitasjon til Bondelaga, Bonde- og småbrukarlaget, Fylkesmannen, Tyr. Vedtek at å ikkje sende invitasjon til Elgå Reinbeitedistrikt. Vedtek å sende invitasjon til Tine.

Fordeling av oppgåver før årsmøtet og i høve årsmeldinga. Alle styremedlemmane tek ansvar for å rapportere inn til Eva Linn kva møter/representasjonar dei har vore med på igjennom året. Ulf tek ansvar for referat angående heimesida. Ola D. ordnar med statestikk angående småfeholdet og tilsagn frå Innovasjon Noreg, samt tek ansvar for organisert beitebruk i Hedmark og beitesituasjonen. Martin skriv litt om rovdyrsituasjonen 2015. Fagråd geit blir tildelt Hans. Eva Linn tek ansvar for resten av dei generelle sakene og samanfattar materialet dei andre kjem med.

Sak 4: Høyringsuttaling landsmøte-/årsmøtefrekvens.

Delast ut og takast opp att på neste møte.

Sak 5: Innlandsplattforma

Sist møte den 14.01.16. Styret vedtek at HSG skriv under innlandsplattforma.

Sak 6: Jordbruksoppgjeret.

Møte 2 feb. på Blæstad. Bondelaget innkallar til møte med innspel på jordbruksoppgjeret. Bør fokusere på nokre få viktige punkt og grunnje dette godt. Vedtek å fokusere på 1) Mottaksplikta-fraktutjamning. Distrikta er avhengig av mottaksplikta. Kva kan dette koste? Hans skriv noko om dette. 2) Tilskot til påsett. Martin og Ulf tek dette.

Sak 7: Eventuelt

Arbeidsavtale mellom HSG og kasserar Ulf Skårholen: blir sendt ut til styret og tatt opp på neste møte.